

Peder Oskar Dahl

Postboks 220

4297 SKUDENESHAVN

Dato: 11.10.2023

Saksnr.: 2023/61657

Dok.nr.: 1

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 53 bnr 3 - Hovdastad - nydyrking og landbruksveg - førehandsvurdering

Fylkesdirektøren viser til førespurnad om kulturminne og nydyrking/landbruksvegar på gnr 53 bnr 3 i Karmøy kommune. Det ligg to kulturminne i området – ID 4909 – dyrkingsspor – og ID 24536 – gravrøys (Hovdastadrudla).

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vore på synfaring og vurdert statusen til det eine kulturminnet (ID 4909) og sett på området der ein ønsker å søke om nydyrking og landbruksvegar. Fylkesdirektøren er i denne samanhengen sektormyndigheit innanfor kulturmiljøvern.

ID 4909 skal ut frå skildringa i kulturminnedatabasen Askeladden vere dyrkingsspor med to gardfar. På synfaringa kunne vi ikkje sjå nokon spor etter gardfar – det var ein del større sprengt stein i området og svært bløtt akkurat der kulturminnet skulle ha lege. Vi har vurdert det slik at det ikkje er noko automatisk freda kulturminne her – kulturminne som er freda i mh av kulturminnelovens §4 - og har endra statusen til kulturminne til «ikkje freda». Det vil seie at her ikkje er nokon konflikt mellom eit eventuelt tiltak og kulturminneinteresser.

Fylkesdirektøren har ingen merknader til eventuell nydyrking på områda 1, 2 og 3 (jf kart/bilete som er tilsende).

Det er også bedt om ei førehandsvurdering av to tilkomstvegar/landbruksvegar.

Noko NV for 4909 ligg ID 24536 – Hovdastadrudla – ei særdeles fin gravrøys. Denne er freda i medhald av kulturminnelovens §4. Vi vurderer det slik at denne må få ligge fritt og urørt og vil frarå ønska plassering av landbruksveg, jf. tilsendte kart/flyfoto (vedlegg 2).

Dersom ein skal søke om landbruksveg, vil vi tilrå at denne går nede i dalen vest for platået der Hovdastadrudla ligg (sjå vedlagt kart med innteikna veg, vedlegg 1)). Vi vil også bemerke at anleggsplassen NV for gravrøysa, ikkje blir ytterlegare utvida og særskilt ikkje mot S og SV der gravrøysa ligg!

Fylkesdirektøren vil understreke at dette er ein førehandsuttale, og at vi formelt ikkje tar stilling til saka før ho eventuelt kjem inn som ein søknad frå Karmøy kommune.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til: Karmøy kommune

Vedlegg: Fylkesdirektørens forslag til trase for landbruksveg/tilkomstveg
bilde/kart med innteikningar av ønska tiltak

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.